



Norsk Berner Sennenhundklubb

Samarbeidsutvalgsmøte 1-2017

Referat frå samarbeidsutvalgsmøte 1-2017

Sted: Quality Airport Gardermoen

Dato: 04.-05. februar 2017

På plass var:

Anne Gunn Hundhammer (Agder+utstillingsskomite), Ellen Jerre og Truls Fagerberg (Asker og Bærum), Nina Bless og Gerda Hagerup (Bergen og omegn), Brit Pinderud (Buskerud), Turid Wettre og Anne Martha Botten (Hedmark), Trine Lise Nystad og Therese Albrigtsen (Nord), Martha Sæverud (Oslo og omegn), Mona Aksdal, Stine Tjåland og Veronica Berge Olsen (Rogaland), Kim-Are Næss Leistad (Trøndelag), Kjersti Rosvoll og Gro Solberg (Østfold), Avdelingene Nordmøre og Romsdal og Vestfold var ikke representert. Kjersti Olsen (HAK), Jan Roar Sekkelsten (Brukskomiteen, samt kontaktperson distrikt Sogn og Fjordane), Stig Atle Pettersen (Valgkomiteen), Marie Reime Røthe (Redaksjonskomiteen)

Fra styret Dagfrid Hokstad, Jon Jerre, Håkon Kristiansen.

Valgt til referent: Mona Aksdal, NBSK avd. Rogaland

Informasjon frå avdelingar og komitear

Kvar avdeling og komité informerte om kva som har skjedd sidan haustens SU-møte, dette for å utveksla erfaringar og dela tips.

Dei fleste avdelingane har god «rytme» i treff og aktivitetane sine.

Avdeling Nord og gruppa i Sogn & Fjordane slit med store avstandar, som gjer det vanskeleg å treffast.

Komiteane jobbar jamt og trutt med sine oppgåver.

Sunnhetskomiteen utfordra SU til å vera kreative og bidra til inntekter i komiteen, slik at dei kan fortsetja arbeidet for å betra helsa til rasen.

Årsmøte 2017

Årsmelding for 2016

Vart ikkje behandla, var ikkje ferdigstilt på grunn av sjukdom.

Vert lagt ut på nettsida straks ho er klar.

Styret sitt arbeidsprogram for 2017-2018

Dagfrid Hokstad gjekk gjennom forslag til arbeidsprogram for 2017-2018.

Salen kom med innspel om at arbeidsprogrammet skulle vera sett opp etter prioritert rekkefølge, noko som vart tilslutta av SU. Rekkefølge vart endrapå.

SU ga si anbefaling om at årsmøtet må godkjenna arbeidsprogrammet.

Årsrekneskap for 2016

Vart ikkje framlagt på grunn av ikkje slutført. Tidlegare kasserer, Ellinor, har teke på seg jobben med å slutføra rekneskapet. Difor tok ikkje SU stilling til rekneskapet som vart framlagt.

Rekneskapet vert lagt ut på nettsida straks det er ferdig revidert.

Budsjett for 2017

Budsjett for 2017 vart ikkje gjennomgått på SU.

Treng meir tal frå eit uferdig rekneskap for å slutføra dette.

Budsjett for 2017 vert lagt ut på nettsida straks det er ferdigstilt.



Norsk Berner Sennenhundklubb

Samarbeidsutvalgsmøte 1-2017

Orientering frå valkomiteen ang. valet i 2017

Valkomiteen v/ Stig A. Pettersen orienterte om arbeidet til komiteen.

Valgkomiteen har nå personar til alle verv til årsmøtet som vert avholdt no i år.

Det er vanskeleg å få folk til verv i klubben, avdelingar og komitear må hjelpe meir til med dette arbeidet kommande år.

NBSK blir 30 år i 2018 – idear til markering

Jubileumstreff i pinsen 2018 – lage et familie arrangement

Det ble diskutert å lage en spesiell trykksak til jubileet, både jubileumsutgave av Berner'n og egen Jubileumsbok.

Bernereffekter / jubileumslogo? /Berner dag – felles dato med markering i heila landet

Alternative stadar for Pinsetreffet i jubileumsåret vart diskutert. Det skal innhentast meir info om alternative stader før endeleg beslutning tas av UK og styret.

Resultat av gruppearbeid vart overlevert styret.

Forslag til jubileums komité 2018;

Kjersti Rosvold, Stein Fauske, Caroline Sandøy. Endeleg komité oppnemnes av styret.

Finansiering av Sunnhetsfondet (innsendt sak fra HAK)

Fondet utbetalar bidrag til pretest og biopsi, har i 2016 utbetalt over 12 000 til berner eigarar.

Det var 70 000 i fondet 1/1-2016, men det er lite som kjem inn. Dette må det gjerast noko med elles vert det fort tomt.

Korleis skaffa inntekter til fondet? – donasjon / oppdrettar bidrag pr. selde valp / auksjon – lotteri/ donasjon frå avdelingane ved aktivitetar på spesialane

Ideal og bidrag mottas med takk.

SU oppfordret til at 10,- av medlemskontingenten settes av til sunnhetsfondet.

Dette vises via post etablerast på budsjettet.

ALLE avdelingar bør registrera seg for å motta GRASROTandel – og donera noko av dette til sunnhetsfondet. Ber avdelingane ta dette opp.

Brukshundkomiteen – ferdighetsmerker trekk/kløv

Allsidighetsprisen 2016 vart offentleggjort saman med vinnar av lydighetsprisane.

Pinsetreff 2017 – Offisiell rallylydighetskonkurranse

Brukshundsamling – august 2018 – Bøliseter, Venabygdsfjellet

NYTT arrangement som då vert arrangert for første gong.

Det skal innehalda varierte aktivitetar (rally/LP/fjelltur)

25 sengeplassar, enkel standard, 150/person + mat/reis

NYTT – ferdighetsmerker for trekk og kløv

Inspirasjon, dokumentasjon, bevissgjering av rasens eigenskapar.

Kløvmerke

Bronse (15% av kroppsvekt, 10 km tur – minste alder er 2 år, kompensasjon for høgdemeter)

Sølv (25% av kroppsvekt, 20 km tur – minste alder 3 år, kompensasjon for høgdemeter)

Gull (35% av kroppsvekt, 40 km tur over to påfylgjande dagar)

Krav om kjent AA/HD status før merkeprøve kan startast

Trekk

Her er me ikkje i mål, BK treng innspel på fylgjande:

- Vekt, vogn/last til saman? Dette for å kunna bruka alle typar vogner til merket

www.berner-sennen.no



Norsk Berner Sennenhundklubb

Samarbeidsutvalgsmøte 1-2017

- Distansar, aldersgrenser, kommandoar
- Her og må ein ha krav om kjent AA/HD status

Skal desse merkene føra fra til tittel når ein har fullført GULLmerket?

Målet er at avdelingane skal gjennomføra bronse/sølvmerket, medan hovudklubben skal arrangera gullmerke

Vilkår for å stå på NBSK si oppdrettarlista

Sak innsendt av avdeling Østfold.

SU ønsker at oppdrettere som står på NBSK si oppdrettarlista skal markedsføra sine valpekull gjennom valpeformidlinga.

Evaluering av Berner'n

Er innhaldet slik me ynskjer? Kan noko kuttast ut, slik at bladet kan verta betre, billegare og enklere å lage?

SU meinte etter gruppearbeid blant anna at saker som går att kan leggjast på nettsida + utstillingsresultater, men at resultat og reportasje frå spesialane skal fortsatt vera å finna i bladet. Avdelingsnytt og reportasjar er viktig stoff til bladet.

Ynskjer historiar om daglegdagse hendingar/erfaringar. Det kjem inn lite stoff av seg sjølv.

Minnar om at facebook bileter ikkje er gode nok for trykk – minst 1MB størrelse for å få god kvalitet på trykk. Ber om at avdelingsblad vert sendt til redaksjonen og styret

Nettstedet vårt – gjennomgang nye funksjoner

Ny kalenderfunksjon er teken i bruk, slik at ein enklare kan finna avdelingen sine arrangement.

Elles informerte Jon detaljert om funksjonar og svarte godt på spørsmål om bruk og funksjonar.

Klubbchampionat – ynskjer me det?

Sak kom opp på SU, og vart diskutert.

SU ba styret om å utreda dette og leggja dette fram som sak på årsmøtet.

Mona Aksdal
referent